

Til

Statens vegvesen Region vest

Askedalen 4

6863 Leikanger

Kopi: Lindås kommune plan avdeling

Kopi: Lindås kommune byggesak avdeling

Kopi: Lindås kommune administrasjon

"Saksnummer 2014115979"

Merknader til varsel om utviding av plangrense

Hope 6. februar 2017

Me er grunneigarar på g.nr 126 br.nr 7 i Lindås kommune (1263).

Viser og til innspel me sendte inn i opp startfasen av prosjektet.

Ser at Statens Vegvesen (SV) no vil utvide plangrensa. Når me studerer kartet me fekk i 2015 såg det den gongen ut som husa våre låg utanfor grensa.

Ser no at SV har tegna grensa aust for husa.

Me krev at grensa vert flytta ned til FV57. I første omgang til å følgje eigedomsgrensa. Det er ikkje akseptabelt at SV ikkje skal utnytte det arealet de alt eig etter bygginga av FV57.

SV planlegg å leggja gang og sykkelvegen aust for fylkesvegen. Korleis har de då tenk å møta gåande og syklande frå Kjeilevegen?

Me er svært skuffa over måten SV arbeider.

På informasjonsmøte 29.01.2015 inviterte me dåverande prosjekleiar til dialog, dette gjorde me og skriftleg i innspelet me sende vedr. oppstart av prosjektet.

Gjentok dette per telefon til Tonje Vabø på hausten 2015.

Vårt intrykk er at SV ikkje ynskjer dialog. Dette har me snakka om per tlf, med ny prosjektleiar (Myre). (januar 2017).

Me har registrert at de har hatt synfaring på og ved vår eigedom utan at de har tatt kontakt.

Parallelt med dette innspelet har me sendt innkalling til møte og synfaring på vår eigedom. Me håpar på god dialog framover.

Med helsing

Liv Marit og Øyvind Hope

Litlåsvegen 72

5955 Lindås

e-post: oyvindhope78@gmail.com

tlf 91105270 / 47670313

vedlagt kart me fekk januar 2015



Kart av plangrense januar 2015